

Arbeidsprogram for Norsk Målungdom

2009-2010

«Vend vinden»

ARBEIDSPROGRAM FOR NORSK MÅLUNGDOM 2009-2010

Til grunn for dette arbeidsprogrammet ligg politikken til NMU slik han er formulert i tufta og andre landsmøteprogram og -vedtak. Programmet skal styra arbeidsprioriteringane og ressursbruken til alle lekkane i organisasjonen.

Innhaldsliste

1. POLITISKE PRIORITERINGAR

1.1 VEND VINDEN

1.2 NYNORSK I POLITIKKEN

1.3 NYNORSK I SKULEN

1.3.1 Sidemål og målbyte

1.3.2 Læremiddel

1.3.3 Dialekt i skulen

1.4 SPRÅK, INNVANDRING OG INTERNASJONALT ARBEID

1.4.1 Nynorsk, innvandring og morsmål

1.4.2 Internasjonalt arbeid

2. ORGANISASJONEN

2.1 LEKKANE I NMU

2.1.1 Landsstyret

2.1.2 Sentralstyret

2.1.3 Målungdomslag

2.2 ORGANISASJONSBYGGJING

2.2.1 Lagsbyggjing

2.2.2 Verving

2.2.3 NMU-skulen

2.2.4 Strateginemnda

2.3 INFORMASJONSARBEID

2.3.1 Pressearbeid

2.3.2 Målferd

2.3.3 Motmæle

2.3.4 Verdsveven

2.3.5 Elektroniske nyhendebrev

2.3.6 Tilfang

2.4 KURS OG TILSKIPINGAR

2.4.1 «Vend vinden»-konferanse

2.4.2 Sumarleir

2.4.3 Vinterleir

2.4.4 Studentsamling

2.4.5 Regionale samlingar

2.5 ORGANISASJONSKULTUR

2.6 ØKONOMI

1. POLITISKE PRIORITERINGAR

NMU har desse politiske prioriteringane i arbeidsåret 2009-2010:

1. Vend vinden
2. Nynorsk i politikken
3. Nynorsk i skulen
4. Språk og innvandring

1.1 VEND VINDEN

Bokmålsveldet syter for at nynorsken har vanskelege kår i heile Noreg, og ikkje minst i randsonene. Med randsoner meiner me område som ligg mellom sterke nynorsk- og bokmålsområde eller område der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt, men som er påverka av sterke bokmålssenter. NMU vil i denne perioden gjera eit krafttak for å sikra nynorsken på utsette stader.

Målsetnader:

- At skulekrinsar i randsonene skal byta frå bokmål til nynorsk
- At fleire kommunar skal byta administrasjonsmål til nynorsk
- Auka nynorskbruken hjå lokale verksemder og institusjonar
- Styrkja organisasjonen i randsonene

Tiltak:

- Dra på målferd i randsonene
- Skipa minst tre nye lag i randsonene
- Arbeida for å få til offensive skulemålsrøystingar
- Gjennomføra «vend vinden-kampanjen»
- Skolera lokallaga på kampanjetaktikk
- Setja ned ei strateginemnd
- I samband med «vend vinden»-kampanjen skal me ha ein vervekkampanje med tittelen «vinn venen» som fokuserer på lagsbygging i randsonene

1.2 NYNORSK I POLITIKKEN

2009 er valår, og NMU ynskjer å arbeida opp mot dei politiske ungdomspartia for å fronta god nynorskpolitikk. Me vil òg arbeida opp mot statsapparatet for å betra vilkåra for nynorsken.

Målsetnader:

- Auka kunnskapene om sidemål og språkpolitikk i dei politiske ungdomspartia.
- Få fleire politiske ungdoms- og vaksenparti til å programfesta at dei er for vidareføring og betring av sidemålsordninga.
- Gje mållova ein straffeparagraf.
- Fjerna momsfrirket frå nynorskdiskriminerande aviser.

Tiltak:

- Vitja sentralstyra i ungdomspartia og skolera om nynorsk og sidemål
- Nytt lokallagskrefter og landsstyret til å vitja lokallag av ungdomspartia for å skolera om nynorsk og sidemål
- Arbeida opp mot aktuelle politikarar for å få Mållova opp til handsaming i Stortinget
- Arbeida opp mot Stortinget for å endra retningslinene for momsfrirket

1.3 NYNORSK I SKULEN

1.3.1 Sidemål og målbyte

NMU ynskjer å markera seg som den viktigaste forsvararen for obligatorisk og betre sidemålsundervisning. Mange elevar vel bort nynorsken i løpet av skuletida, og me vil difor synleggjera dei gode grunnane til å velja nynorsk.

Målsetnader:

- Styrkja sidemålsopplæringa, og gjera sidemålsdebatten til eit spørsmål om kvalitet på undervisninga
- At fleire skal byta hovudmål til nynorsk
- At fleire skal halda på nynorsken

Tiltak:

- Senda ut eit flygeblad til alle tiandeklassingar i nynorskområde, der me oppmodar dei om å halda på nynorsken
- Arbeida for at kunnskapsdepartementet skal vedta ei forskrift som spesifiserer omfanget av og innhaldet i sidemålsundervisninga

1.3.2 Læremiddel

Det er eit problem at nynorske læremiddel ofte ikkje kjem til same tid som bokmålsutgåvene. Dette gjev vanskelege kår for nynorskelevane, og det fremjar målbyte frå nynorsk til bokmål. NMU vil kjempa for at denne lovfesta retten vert innfridd.

Målsetnader:

- At det kjem nynorske lærebøker på alle studieretningar til same tid og pris som på bokmål
- At ordbøker og dataprogram som vert nytta i skulen kjem inn under retten til parallellutgåver

Tiltak:

- Arbeida for godkjende ordbøker på nynorsk til alle språkfaga i vidaregåande skule
- Fylgja opp læremiddeltiltaka frå Kunnskapsdepartementet, og syta for at dei vert gjennomførde
- Arbeida opp mot Kunnskapsdepartementet for å få ordbøker og dataprogram under retten til parallellutgåve

1.3.3 Dialekt i skulen

NMU ynskjer å auka kunnskapen om dei norske dialektane i skulen, og særleg grunnskulen.

Målsetnader:

- Auka respekten og forståinga for dei norske dialektane

Tiltak:

- Utarbeida eit dialekthefte om dei norske dialektane for bruk i skulen

1.4 SPRÅK, INNVANDRING OG INTERNASJONALT ARBEID

1.4.1 Nynorsk, innvandring og morsmål

Slik stoda er i dag, får framandspråklege i nynorskområde oftast opplæring i bokmål i skulen og vaksenopplæringa. Gjennom norskopplæringa møter dei sjeldan lokale dialektar, noko som gjer at dei ikkje er budde på å møte møte det norske dialektmangfaldet. Dette vil NMU endra på. Retten til morsmålsopplæring er viktig, og det må skje på elevane sine premissar og på det språket dei føler er morsmålet sitt. Morsmålsundervisninga står opp om det kulturelle mangfaldet i Noreg.

Målsetnad:

- At nynorsk kommunar gjev norskopplæring til framandspråklege på nynorsk
- At skular gjer elevar som har rett på norsk2 merksame på konsekvensane ved manglande sidemålsundervisning.
- Oppretta kontakt mellom målrørsla og innvandarmiljøa
- At dialekt vert nytta i norskopplæringa
- At morsmålsopplæring må skje på språket elevane føler er morsmålet sitt

Tiltak:

- Senda eit skriv om norsk2 og sidemål til alle ungdoms- og vidaregåande skular i landet, og skriva artiklar til relevante media
- Tilby målferd for innføringsklassar
- Senda ut informasjon om språkstoda i Noreg, og retten til morsmålsopplæring til asylmottak,

- internasjonale skular og ordførarar, gjerne i samarbeid med relevante organisasjonar.
- Samarbeida med LNK for å få fleire kommunar til å tilby opplæring i nynorsk og på dialekt for innvandrarar
 - Arbeida opp mot Arbeids- og inkluderingsdepartementet for å få kommunar til å nytta dialekt i norskopplæringa for framandspråklege

1.4.2 Internasjonalt arbeid

Med kunnskap om og kontakt med andre språk- og kulturrørslar syner me solidaritet og får nye perspektiv på vårt eige arbeid.

Målsetnader:

- Gjera språk og kultur til viktige og meir sentrale emne innanfor alterglobaliseringsrørsla
- Auka kunnskapen om språk- og kulturstridar i andre land, EU og globalisering

Tiltak:

- Knyta kontakt med andre ungdomsorganisasjonar som er opptekne av språk og kultur
- Ha internasjonale emne med innleiar frå ein annan språk- og kulturorganisasjon på minst éi tilskiping
- Ha eit internasjonalt utval som skal skolera medlemene i internasjonale spørsmål, mellom anna ved å senda ut informasjon i nyhendebrevet minst annankvar månad og halda punkt på tilskipingar
- Arbeida med å starta opp eit samarbeidsprosjekt med ein kviterussisk organisasjon våren 2010

2. ORGANISASJONEN

For å nå dei politiske måla me set oss treng me ein godt fungerande organisasjon. Målrørsla er ei folkerørsla, og difor er folkeleg organisering berejvelken i arbeidet vårt. Målreisinga treng målgruppslag som er synlege og skapar ordskifte kring målstriden på lærestaden, og i lokalmiljøet.

2.1 LEKKANE I NMU

2.1.1 Landsstyret

Landsstyret (LST) utformar politikken til NMU på landsstyremøta, og praktiserer han i lokallaga sine. Landsstyret tek viktige politiske avgjersler mellom landsmøta og vedtek fråsegner og uttetterretta politikk. Saman med sentralstyret er landsstyret vertskap på tilskipingar.

Arbeidsfelt for landsstyret:

- Utforma hovudråmene for tilskipingar og kampanjar, og evaluera dei i ettertid
- Vera aktive i lokallag
- Fylgja opp arbeidet til sentralstyret
- Vera aktive på tilskipingar
- Setja ned og vera aktive i landsstyrenemnder

2.1.2 Sentralstyret

Sentralstyret (SST) står for den daglege drifta av organisasjonen, og har ansvar for å setja den vedtekne politikken ut i live. Sentralstyret planlegg aksjonar og kampanjar i samarbeid med landsstyret, og skal halda oppe samarbeidet med andre organisasjonar og parti.

Arbeidsfelt for sentralstyret:

- Organisera målferd
- Ha hovudansvaret for nasjonale kurs og tilskipingar
- Driva organisasjonen i det daglege
- Fylgja opp lokallaga og landsstyret
- Vitja andre organisasjonar sine tilskipingar
- Vitja lokallaga
- Hjelpa til med planleggjing og gjennomføring av regionale samlingar

2.1.3 Lokallag

Det finst tri typar målungdomslag i NMU: lokallag, skulelag og studentmållag. Skulelag og studentmållag er målungdomslag som er knytte til ein lærestad, medan lokallag er lag knytta til geografiske einingar.

Arbeidsfelt:

- Engasjera seg i lokale saker som vedkjem nynorsken
- Samarbeida med LST og SST, og ha ein vaktfunksjon andsynes desse
- Mobilisera til kurs og tilskipingar i Norsk Målungdom
- Skipa til regionale samlingar
- Verva nye medlemer og skaffa nye aktivistar til NMU
- Driva nasjonale kampanjar lokalt
- Arbeida for at nynorsk vert nytta i lokale media og elles i lokalsamfunnet
- Kontakta lokale medier når det skjer noko av interesse
- Skipa til opne møte
- Arbeida for at nynorsk programvare vert nytta på skular i lokalsamfunnet
- Arbeida for at lærarar skal undervisa på nynorsk og nytta undervisingstifang på nynorsk
- Sikra at retten til eksamen på nynorsk vert innfridd
- Vera med på målferd
- Ha skule- og semesterstartaksjon
- Oppmoda andre om å ta i bruk nynorske lærebøker

Særskilde arbeidsfelt for studentmållaga:

- Informera om, og arbeida for rettane til studentar som skriv nynorsk
- Spreia Medieordlista, Realfagsordlista og Økonomiordlista
- Arbeida med måldyrking. Studentmållaga skal særskilt driva med terminologiarbeid innanfor ulike fagområde
- Arbeida for meir nynorsk i studentmedia
- Koma i kontakt med tilflytta studentar i samarbeid med sentralstyret
- Nytt Mål og Makt i skoleringsarbeid
- Skipa til studentsamling i samarbeid med SST

2.2 ORGANISASJONSBYGGJING

2.2.1 Lagsbygging

NMU skal arbeida for å auka målungdomsaktiviteten i heile landet. Me vil satsa særskilt i randsonene og i område der det er potensiale for lokallag.

Målsetnad:

- Auka talet på lag til 32
- Skipa to nye studentmållag
- Styrkja lokallaga som allereie finst

Tiltak:

- Ha semesterstartaksjon på aktuelle universitet og høgskular
- Dra på målferd til skular i randsonene
- Ringja til aktuelle aktivistar i område utan lag
- Spreia lokallagsheftet til lokallaga
- Alliera seg med lokale vaksenmållag
- Ha gode rutinar når det gjeld aktivistar som skifter lag

2.2.2 Verving

Verving til lokallaga er viktig for å skipa nye lag og sikra kontinuiteten i laga.

Målsetnader:

- Auka talet på teljande medlemer til minst 1400
- Auka talet på vervingar frå førre periode

Tiltak:

- Ha vervekampanje
- Leggja ut vervetips og informasjon om kampanjen på vevsidene

2.2.3 NMU-skulen

I år vil me halda fram arbeidet med NMU-skulen, som er eit skoleringsprogram for å skolera alle nivå i organisasjonen. Programmet skal innehalda innføring i målsak og dagsaktuelle emne, særleg med tanke på regionssamlingar.

Målsetnad:

- Gjera studiearbeid til ein viktig aktivitet i organisasjonen
- Ha minst eitt studiemøte i kvart lokallag i halvåret

Tiltak:

- Blesta NMU-skulen i organisasjonen
- Halda fram arbeidet i studieutvalet
- Leggja ut ferdig materiale på vevsidene

2.2.4 Strateginemnda

Å «venda vinden» er eit arbeid som krev målretta innsats gjennom fleire år, og difor er det avgjerande å ha ein strategi som strekkjer seg ut over denne arbeidsperioden.

Målsetnad:

- Å utvikla ein strategi som kan vera ei rettesnor for arbeidet i NMU fram mot 2015, med overordna målsetnader og grundige analysar av det som må til for å nå desse

Tiltak:

- Setja ned ei strateginemnd som skal jobba med strategispørsmål. Nemnda setjast ned av landsstyret og kan vera samansett av alle typar målgruppsmedlemer.
- Ha strategipunkt på landsstyremøta der nemnda vitrar og får innspel til det vidare arbeidet
- Ha strategipunkt med innleiarar utanfrå på minst ei tilskiping

2.3 INFORMASJONSARBEID

2.3.1 Pressearbeid

Gjennom presse- og mediearbeid syner NMU andletet sitt utetter. Det er difor viktig å driva godt og representativt pressearbeid. Medieoppslag spreier budskapane me vil syna, og hyppige medieoppslag er difor føremålstenlege for sakene me vil nå fram med.

Målsetnad:

- Vera synlege i lokale- og nasjonale medier gjennom heile perioden
- At alle lekkane i organisasjonen skal vera skolerte på mediearbeid

Tiltak:

- Ha medietreningskurs på LST-møte og tilskipingar
- Senda ut pressemeldingar til alle relevante medier når det skjer viktige ting
- Gje lokallaga tilgang på standard medietekstar til alle kampanjar og aksjonar
- Vedta minst tre medierelevante fråsegner på kvar landsstyremøte
- Senda ut minst eitt presseutspel i veka
- Ha ein klyppetopp i motmæle

2.3.2 Målferd

Gjennom målferder når me kvart år mange tusen skuleelevar og får drege opp målstrid i mange skuleklassar. Mange lærarstudentar og tilsette lærarar treng òg å få betre haldning til nynorsk, og dette vil NMU ta tak i.

Målsetnad:

- Vera på målferd på minst 65 skular, av dei minst 10 ungdomsskular
- Betra haldningane til nynorsk og sidemål blant lærarar og lærarstudentar
- Ha fleire skolerte målfararar

Tiltak:

- Gjera ferdig arbeidet med eit nytt hefte for målfararane
- Halda målfararkurs på tilskipingar og lokalt
- Trekkja med krefter frå lokallaga og landsstyret på målferdene
- Tilby målferd til alle lærarutdanningar i Noreg

2.3.3 Motmæle

Motmæle er medlemsbladet til NMU, og skal skolera, og halda organisasjonen oppdatert om aktuelle saker. Bladet skal òg ha interessant innhald for eksterne tingarar.

Målsetnader:

- Auka tingar- og lesartalet til Motmæle
- Auka inntektene frå Motmæle
- Ha breidd på skribentar til bladet

Tiltak:

- Spørja lokallag om å skriva til Motmæle om aksjonar og liknande
- Motmæle skal koma ut med fire nummer i året
- Lysa ut Motmæle i relevante media
- Senda ut eit nummer Motmæle til alle vidaregåande skular og bibliotek i Noreg med tingarinformasjon
- Finna fleire faste lysarar til bladet
- Leggja vinn på å finna skribentar utanfor målrørsla
- Ha ei spalte der LST-folk utfordrar kvarandre til å skriva

2.3.4 Verdsveven

Heimesidene skal nyttast til å profilera politikken og aktivitetane våre, og skal vera ein ressurs for medlemene våre og andre. Heimesidene er viktige for å rekruttera fleire nye medlemmer til organisasjonen.

Målsetnad:

- Heimesida skal vera ein ressursbank for medlemmer og andre
- Ha gode og oppdaterte vevsider med lett tilgjenge på organisasjonsnyhende

Tiltak:

- Oppdatera nynorsk.no kvar arbeidsdag og målungdom.no nminst kvar veke
- Halda fram arbeidet med nye vevsider
- Ha bumerket oppe til ordskifte i samband med vevsidedarbeidet
- Ha ei vevsidenemnd som har ansvar for heimesidene og nynorsk.no
- Leggja ut ressursmateriale på heimesidene

2.3.5 Elektroniske nyhendebrev

Dei elektroniske nyhendebrevna skal halda lokallag og aktivistar oppdaterte på aktiviter i organisasjonen.

Målsetnad:

- Nytt nyhendebrevet som bindelekk mellom sentralstyret og interesserte rundt om i landet
- Senda nyhendebrev til alle medlemmer som ikkje reserverer seg

Tiltak:

- Det skal vera ein nyhendebrevsansvarleg i SST
- Gje tilbod til alle medlemmer om å motta nyhendebrevet
- Senda ut nyhendebrevet minst ein gong i månaden

2.3.6 Tilfang

Godt tilfang er viktig for blest og innkomer. NMU vil i kvar periode produsera nytt tilfang for bruk og sal.

Målsetnad:

- Ha jamvekt mellom utloger og innkomer på tilfang for sal
- Bruka tilfang som eit verkty for å profilera organisasjonen
- Å til kvar tid ha attraktivt og originalt tilfang

Tiltak:

- Produsera nytt tilfang til bruk og sal
- Laga eksklusivt tilfang til premiar og gåver
- Trykkja opp aksjonsmateriale til kampanjar og aksjonar
- Oppmoda lokallag til å trykkja opp eige tilfang

2.4 KURS OG TILSKIPINGAR

Å ha gode tilskipingar er ein hovudprioritet for organisasjonen. Tilskipingane bør finna stad der det er mogleg å samarbeida økonomisk med mållag og/eller målungdomslag. Programma bør vera varierte, gjerne med kritiske innleiarar utanfrå.

2.4.1 Vend vinden-konferanse

I år skal NMU skipa til «Vend vinden»-konferansen på hausten. Konferansen har som mål å skolera medlemene våre i korleis dei kan oppnå meir bruk av nynorsk i lokalsamfunna.

2.4.2 Sumarleir

Sumarleiren skal vera ei spanande og lærerik ferieveke for målungdommar i alle aldrar. Sumarleiren bør utdanna medlemmer og andre interesserte til å driva sjølvstendig lagsaktivitet.

2.4.3 Vinterleir

Vinterleiren skal vera ein møteplass i organisasjonen, og verka som ei førebuing til landsmøtet for nye medlemmer. Det er viktig at programmet femner om alle aldersgrupper i organisasjonen.

2.4.4 Studentsamling

Studentmållaga og SST skipar til ei samling for studentar. Målet er å styrkja studentmållaga politisk og sosialt, og gje kveik til det vidare arbeidet.

2.4.5 Regionale samlingar

Regionale samlingar er god skolering i målsak og styrkjer NMU-identiteten og samhaldet i og mellom laga. Laga bør skipa til regionale kurs og seminar, og gjerne invitera medlemmer og lag frå andre delar av landet.

2.5 ORGANISASJONSKULTUR

NMU skal vera ein open og inkluderande organisasjon der alle er velkomne og viktige. NMU vil ta sin del av det ålmenne samfunnsansvaret ved å ta vare på miljøet og føra ein rettvis innkjøpspraksis.

Målsetnader:

- Vera ein miljøvennleg og rettvis organisasjon
- Vera ein jamstelt organisasjon
- Ha ein demokratisk og gjennomsiktig organisasjonsstruktur

Tiltak:

- Reisa kollektivt
- Kjøpa klimavoter for eventuelle flyreiser
- Nytt resirkulert papir og redusera papirbruken generelt
- Velja nynorske, økologiske og rettferdige produkt so sant økonomien tillet det
- Ha føremøte på kurs og tilskipingar
- Ha punkt om organisasjonskultur på LST-møte
- Leggja vinn på godt personvern i all elektronisk kommunikasjon mellom NMU og medlemmer

2.6 ØKONOMI

NMU er i vekst, statsstønadene er sikra og planen for attendebetalings av gjelda går som ho skal. Det er likevel viktig å overhalda budsjettåra.

Målsetnad:

- Ha ei stram økonomistyring slik at me kan nå dei politiske og organisatoriske måla me har sett oss i dette arbeidsåret på ein forsvarleg måte

Tiltak:

- Blesta tilbodet om avtalegiro for målgåver
- Samarbeida med lokale mållag, skular og kommunar om å få dekt reiseutlogene der me dreg på målferd.
- Ha eit økonomiutval som arbeider med å finna nye måtar å tena pengar på